


Oppskrift på import av eBokBib-poster i MikroMarc.


Olaf Moriarty Solstrand, Ski bibliotek

1. Last ned fila motteke frå ebokbib_katalogposter til ein eigna stad på PC-en (kan slettast igjen etter at heile denne prosessen er ferdig).



2. I Mikromarc, velg Katalog -> Import i venstre sidebar. Den som gjer dette må ha fått tilgang til dette av administrator.

3. Ved «Filnavn»-feltet, klikk «Bla» og finn tekstfila med katalogpostane.



4. Klikk «Vis avanserte valg» - vala skal sjå sånn ut (nevner dette fordi eg er usikker på om dette er standardverdiar eller ikkje):

Katalog: Hovedkatalog Interaktiv import

Skjul avanserte valg

Tegnsett og felter

Filformat: NORMARC linjeformat

Fjern felter:

Forbehandling:

Tegnsett: ANSI OEM til ANSI

Shift-koder: Ingen

Dublettkontroll


Gjenkjenning ved: ISBN

Ved dublett: Overskriv

Ved mulig dublett: Legg til post

Hvis ikke dublett: Legg til post

5. Trykk «Kjør import».



6. Ferdig! No kan du gå inn i katalogen og eventuelt sjekke at alt ser riktig ut. For å søke opp alle e-bøker, kan ein t.d. søke etter «**MAT = %epub%**» i epub. Her bør ein raskt kunne sjå t.d. om alt har fått riktig signatur (dersom ein sette inn det i trinn 2). Sånn som eg gjorde det over har jo ikkje bøker utan 100-felt fått det, så der må eg søke opp og leggja til dette manuelt. Søk t.d. etter «**MAT = %epub% ANDNOT SI = e-bøker**». Men dette er jo berre dersom de legg til signaturfelt på e-bøker – dei fleste bibliotek gjer ikkje det.

7. VALGFRITT – HVIS DU VIL TILPASSE KATALOGPOSTER

Dersom de er som oss og vil tilpasse katalogpostane litt til eget bruk er det ofte greiast å gjera dette direkte i tekstdokumentet i Notisblokk, ettersom ein då kan søke og erstatte i ei fil i staden for å måtte gjera endringar på kvar enkelt post. Det vi i Ski gjer her er til dømes:

- a. Vi vil ha inn signatur «e-bøker» i MARC-felt 096. Dei aller fleste bøker har eit MARC-felt 100, så her søker vi i tekstdokumentet (ikkje søk og erstatt, berre vanleg søk («Søk etter...» på «Rediger»-menyen)) etter «*100» og erstatter denne med «*096 \$ae-bøker[linjeskift]*100». Linjeskiftet gjer at vi ikkje kan bruke Erstatt-

funksjonen i Notisblokk, men kopierer du dette til utklippstavle vil det med litt kjappe fingrar på hurtigtastane ikkje ta så lang tid å kome seg gjennom dokumentet med F3 (Søk etter neste), Ctrl+V (Lim inn), F3, Ctrl+V, F3... heilt til ein får feilmeldinga «Finner ikke *100».

b. Alle emneord i katalogen vår er på bokmål, filene vi får tilsendt har emneord både på bokmål og nynorsk. Vi fjerner difor alle nynorskorda. Dette gjer vi ved å søke etter «\$9nno» (eller «\$9nob» om de heller vil fjerne bokmålsorda) og viske ut alle linjer som inneheld dette. Den raske måten å gjera dette på er F3 (Søk etter neste), Home (gå til starten av linja), Shift + pil ned (merk linje), Delete (slett), gjenta til du er gjennom dokumentet.

c. Bibliofil-bibliotek har ein automatisk tekst som kjem opp i websøket der det står bl.a. kva utstyr ein trenger for å lese e-bøker og kvar ein får lasta ned eBokBib. Denne teksten er iallfall foreløpig ikkje lagt inn i Mikromarc, og det gjer at websøket i Mikromarc kan vera veldig misvisande, fordi vi har ein link merka «Lån e-boka», og utan meir informasjon ville iallfall eg som lånar ha gått ut frå at eg kunne lese e-boka direkte på PC-en, eller iallfall laste ho ned til Kindle eller annan eboklesar. Så om vi vil ha den informasjonen i websøket, må vi leggja den inn i kvar enkelt post i eit notefelt. Dette er ein kronglete måte å gjera dette på, men inntil dette blir lagt inn i Mikromarc er det einaste måte å få ut denne informasjonen på. Det eg gjer er å søke opp starten på eit notefelt eg veit at ligg inne på alle postane (t.d. «*500 \$aNedlastbar e-bok, EPUB med DRM»), og erstatte dette med ein streng som inneheld eit ekstra notefelt over dette. Så som i pkt. a søker eg etter «*500 \$aNedlastbar» og erstatter det med «*500 NB: Dette er en e-bok som kan leses på smarttelefoner og nettbrett med iOS eller Android. For å lese boka trenger du appen "eBokBib", som kan lastes ned gratis fra App Store eller Google Play.[linjeskift]*500 \$aNedlastbar». Og så kopierer vi den teksten og bruker F3, Ctrl+V, F3, Ctrl+V...

d. Lagre fila når ferdig. Vi pleier òg å fjerne felt 520, men det kan vi heldigvis gjera i importen i Mikromarc, så det treng vi ikkje bry oss med her.

e. For avanserte brukarar: Dersom ein opner fila i Word i staden for Notisblokk, er eg temmeleg sikker på at iallfall trinn a og c over kan lagrast i ein makro slik at ein kan gjera dette automatisk med eitt tastetrykk (er dog usikker på om trinn 2 kan gjerast i Word – skal ikkje vera eit problem å gjera dette i eit program som kan søke etter regular expressions, men sånt forventer eg ikkje å finne på kommunale PC-ar...).